



Teknisk forvaltning
Tonje Nepstad Epland

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/111 - 17/786

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
16.02.2017

Byggesak Gbnr 31/2 Håland - riving av våningshus - uttale

Viser til brev datert 17. januar der de ber om uttale til søknad om riving av våningshus på gnr 31/2 på Håland. Våningshuset er sefrak-registrert og i følge denne registreringa er eine stova frå 1800-talet, ein del er i frå kring 1900 og i tillegg er det eit nyare påbygg på eine langsida. Bygget er meldepliktig etter kulturminnelova.

Kulturminneansvarleg har vore på synfaring i bygget. Kulturverntenesta i Nordhordland var ikkje tilstades under synfaringa, men har sett på bilete frå denne. Konklusjonen frå synfaringa er at tømmeret i den eldste stova ser ut til å vera frå slutten av 1800-talet, og det er heller ikkje funne eldre bygningsdelar andre stader.

Kulturinneansvarleg difor har ingen merknader til at bygningen vert rive.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Teknisk forvaltning

